

SV vil tette kunnskapshola om havvind

Vedtatt av SVs landsstyre 23. september 2023.

Landsstyret i SV viser til gjennomslaga SV fekk i forhandlingane med Ap, Sp og MDG i samband med havvindutbygginga i Sørlege Nordsjø 2.

Som ein del av einigheita skal regjeringa sikre at kartlegging av havmiljøet og sjøfugl blir teke med i avgjerdsgrunnlaget fram mot konsesjonsbehandlinga for anlegg for kraftproduksjon til havs. I tillegg medfører einigheita at regjeringa forpliktar seg til å legge fram ein heilskapleg plan for naturkartlegging for dei områda som blir aktuelle for havvindutbygging, seinast i samband med framlegginga av statsbudsjettet for 2024.

SV fekk også gjennomslag for at det skal gjennomførast følgjeforskning i utbyggings- og driftsfasen av Sørlege Nordsjø 2. Denne forskinga blir viktig i det vidare arbeidet. Det skal bli lagt vekt på kva påverknad havvindparken har på natur og miljø, og at denne kunnskapen blir aktivt teke i bruk og integrert i det vidare arbeidet med å følgje opp god sameksistens og berekraft innanfor havvind.

Landsstyret i SV krev at det blir gjort grundige og spesifikke forstudiar som inkluderer fiskeridata, i samband med opning og utlysing av areal for havvindproduksjon til nettet på land. Landsstyret krev og at det vert sett av nok pengar og tid til å følgje opp Stortingets vedtak og til å sikre miljø, grunn- og artsspesifikke undersøkingar.

Noreg har mål om å tildele areal med potensiale for 30 GW havvindproduksjon på norsk sokkel innan 2040. Dei 20 potensielle utgreiingsområda som er foreslått har eit totalt areal på omlag 54.000 km². Basert på NVE sine anslag vil ein produksjon på 30 GW krevje 4.000-26.000 km² avhengig av utnyttingsgrad (100% - 30%) samt kapasitetstettleik (3.5 -7.5 MW/km²) (NVE 2023).

Den enklaste løysinga for utbygging av vindkraftanlegg til havs er å plassere vindkraftverk på forholdsvis grunt vatn. Grunne havområde betyr ofte gode naturgitte fiskefelt og viktige gyteområde, og mange av dei tidlegare planlagde områda for vindkraftutbygginga fell ofte saman med viktige fiskebankar (Fiskeridirektoratet 2012). Dette opna for konflikt.

13. september 2023 kom Havforskningsinstituttet sin rapport om sameksistens mellom fiskeri og havvindnæring. I følgje rapporten manglar det framleis mykje kunnskap om korleis havvind kan påverke livet i havet og fiskeria i norske farvatn. Den seier at dagens kunnskap tyder på at fisk blir tiltrekt av havvinnanlegga, men det er usikkert om dette har nøytral, negativ eller positiv effekt på fiskestammane. Sidan havmiljøet endrar seg frå år til år og frå sesong til sesong, er det viktig med undersøkingar over tid. Difor er det viktig at ein kjem i gong med grundige undersøkingar av områda det er planlagt havvind. Havforskningsinstituttet sine innspel om korleis områda bør kartleggast må følgjast opp av regjeringa.

Havvindutbygginga aukar presset og kampen om areala og retten til å bruke havet. Då må berekraftig aktivitet bli prioritert endå hardare. Difor vil landsstyret i SV seie nei til utbygging av havvind på areal som er viktig for den tradisjonelle kystfiskeflåten, og heller seie ja til utbygging av havvind på areal som er dominert av aktivitet frå botntråling.

Det manglar mykje kunnskap om korleis havvind påverkar økosystema i havet. Det er difor svært viktig at det blir gjennomført grundige miljøkartleggingar i dei pågåande havvindprosjekta. Ei føre-var tilnærming, nok midlar og tid til samarbeid mellom fiskarar, havvindaktørar, forskarar og styresmakter er viktig for å finne dei beste løysingane til havs. Kraftproduksjon er dessverre aldri heilt konfliktfritt, og det er viktig å unngå dei same feila som blei gjort på land. Difor må innhenting av kunnskap bli prioritert i tråd med tidlegare stortingsvedtak.